

# Informasjon om kontrollutvalet i Klepp



## Kva er eit kontrollutval?


Kontrollutvalet er kommunestyrets reiskap for demokratisk innsyn og kontroll med alle sider ved kommunens verksemd. Kontrollutvalets mål er derfor å sjå til at kommunen følgjer regelverket og rettar seg etter vedtak i kommunestyret, at verksemda er målretta, effektiv og etisk til beste for kommunens innbyggjarar. Det gjeld både ovafor kommuneadministrasjonen og heile det politiske miljøet så nær som kommunestyret sjølv.

Kontrollutvalet handlar på vegne av kommunestyret, og er derfor underlagt dette. Kontrollutvalet skal òg sjå til at kommunen har ei forsvarlig revisjonsordning og at kommunestyrets vedtak vert følgt opp av administrasjonen.

Kontrollutvalet har som oftast sine møter i formannskapssalen på Rådhuset, sjå møter og saker [her](#).

Utvalets arbeid vert regulert av Kommuneloven §77 og eigen forskrift. Kommunestyret skal behandla alle rapportar som kjem frå kontrollutvalet og ta stilling til oppfølging.

## Kven er medlem i kontrollutvalet?



Kommunestyret står fritt til å utpeika medlemmer til kontrollutvalet. Forskriftene stiller likevel krav om at kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og at minst eitt av desse skal vera medlem av kommunestyret. Medlem i kontrollutvalet kan elles ikkje ha andre kommunale verv eller vera tilsett i kommunen. Klepp kommune har 5 medlemmer i kontrollutvalet.

### Medlemmer i denne perioden er:

Faste medlemmer:

[Oddbjørg Starrfelt](#) (AP), leiar

[Stig Penne](#) (H), nestleiar

[Asbjørn Aanestad](#) (Sp)

[Ingrid Reve](#) (V)

[Jan Egil Øksnevad I](#) (FrP)

Numeriske varmedlemmer for H, KrF og SV:

1. Solveig Elin Gravdal (KrF)

2. Fridtjov Helland (H)

3. Steinar Riveland (H)

Personlige varmedlemmer for Frp, Ap, V og MdG

For AP: Karl E. Grude

For FrP: Roy Larsen

For V: Arne Sæbø



### Kven er det som skal førebu sakene for kontrollutvalet?

Kontrollutvalet skal ha ein sjølvstendig administrasjon som verken er underlagt kommunen sjølv eller kommunens revisor.

[Rogaland Kontrollutvalgssekretariat](#) har denne funksjonen for kontrollutvalet i Klepp. Sekretariatet skal sjå til at sakene som vert behandla av kontrollutvalet er forsvarlig utreda og at utvalets vedtak vert sett i verk. Sekretariatet er til stades på alle møta.



### Kan eg som innbyggjar klaga på kommunale vedtak til kontrollutvalet?


Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan, og har derfor ikkje høve til å behandla klager på enkeltsaker. Kommunane har egne klageorgan som behandlar slike saker, i mange kommunar er det formannskapet. Mange klagesaker vert òg vidaresend til Fylkesmannen for endelig avgjerd.

Alle kan likevel ta kontakt med kontrollutvalet. Dersom det kjem inn saker vurderer kontrollutvalet frå sak til sak etter ei samla vurdering om saka kjem inn under utvalets ansvarsområde. Kontrollutvalet er imidlertid bare pålagt å behandla saker frå kommunestyret.



### Korleis kan eg komma i kontakt med kontrollutvalet?

Du kan ta kontakt med kontrollutvalets leiar eller med sekretariatet. Kontaktinfo til kontrollutvalet og til sekretariatet finn du ovafor eller på Klepp kommune sine heimesider.



### Kontrollutvalets møte og møtedokumenter:

Innkallingar og protokollar frå kontrollutvalets møter finn du på Klepp kommunes [nettsider](#). Møta er opne for alle.